



Arkivsaknr: 2024/10778-3
Sakshandsamar: Kate Bentzen
Avdeling: Næring og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Søknad til Næringsfondet - Bruvoll Camping AS - Universelt utforma turveg

Utvalssak	Utval	Møtedato
-----------	-------	----------

Utval for næring, kultur og idrett		
------------------------------------	--	--

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjekt Universelt utforma turveg vert tildelt kroner 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Bakgrunn

Bruvoll Camping AS er eit aksjeselskap. Bransje: 55.300 Drift av campingplasser. Registrert 05.07.2017. Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar

Bruvoll Camping er ei familieverksemd på Hundvin som driv med tradisjonell campingdrift, og utleige av hytter som er universelt utforma for personar med funksjonsnedsetting. Verksemda har drive med campingdrift sidan oppstart i 1984 og har to tilsette.

Om prosjektet

Prosjektet startar opp 1. januar 2025 og er forventa gjennomført 1. mai 2026.

I tillegg til campingdrift og utleige av hytter, har verksemda forsamlingslokale, samt ein dyrehage. Verksemda arrangerer aktivitetsdagar, weekender, samlingar for skular, barnehagar og ulike grupper og lag.

Området er godt eigna for alle aldersgrupper. Bruvoll Camping ønskjer å tilretteleggje ein turveg ned til Hundvinsvatnet som vil gjere det lettare å komma ned til vatnet for å fiska og bade, då spesielt med omsyn på personar med funksjonsnedsetting sidan verksemda allereie har gode fasilitetar på området for dette. Vegen vil vera open og tilgjengeleg for alle som ønskjer å bruke den.

Verksemda har og ein eldre skogsveg som går sørover langs Hundvinsvatnet til eit lite nes som er merka som badeplass/telttelt i padleløypene for Nordhordland. Denne skogsvegen vil verksemda søkje om å oppgradera slik at den får ein kvalitet liknande turvegen til Vardetangen. Oppgradering av denne skogsvegen er ikkje ein del av dette prosjektet.

Prosjektleveranse / målsetting

Ein universelt utforma turveg fram til vatnet og badeplassen er eit etterlengta tiltak for å gje turistar og gjestar på Bruvoll Camping eit nytt tilbod rundt natur og fritid. Dette er eit tiltak som vil kunne auka gjestedøgna og gje verksemda betre grunnlag for drift opp mot ulike kundegrupper og dermed utvikle verksemda vidare og styrka lokale arbeidsplassar.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Universelt utforma turveg	275 000	100 000	20 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Næringsfondet skal styrkje næringslivet i Alver kommune og støtte frå næringsfondet skal bidra til auka næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til dette.

Vurdering

Søknaden viser til at Bruvoll Camping ønskjer å gjennomføre eit tiltak for å skape ytterlegare utvikling og vekst i verksemda og gjeld kostnader knytt til tilrettelegging av ein turveg. I utgangspunktet er dette ikkje eit utviklingsprosjekt som er heilt typisk for ein søknad til næringsfondet, då det til slike tiltak og vil vere naturleg å søkje andre ordningar om støtte. Men dette er ei kostbar investering for verksemda og eit prosjekt som vil ha stor betydning for den vidare satsinga til verksemda. Ved på bygge denne turvegen vil verksemda gjere vatnet meir tilgjengeleg for gjester og besøkande med tanke på bading og andre aktivitetar enn kva det er i dag. Dette vil ha stor betydning for området og løfte attraktiviteten på Bruvoll Camping, noko som og vil ha stor verdi for verksemda si vidare utvikling med tanke på fleire gjestedøgn, auka omsetning og moglegheit for arbeidsplassutvikling.

Etter ei samla vurdering er prosjektsøknaden i samsvar med næringsfondet sine vilkår ved at det viser til tiltak som stimulerer til vekst i eksisterande verksemdar, arbeidsplassutvikling og bidrar til god næringsutvikling.

Kommunedirektøren si tilråding

Prosjekt Universelt utforma turveg vert tildelt kroner 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Vedlegg

1 Søknad-2024-0040.pdf